PRESSEKLIPP

FRÅ DEI FØRSTE

PIONERÅR I HAVBRUK

SAMLA OG REDIGERT AV
KARSTEIN ODDM. VIK

I N N H A L D.

SAMANDRAG med merknader etc.

ÅR	Side
1954/55/56	1-2
1956/57/58	3
1959	4
1960	5-6
1961	7-11
1962	10-16
1963	17
1964	18
1965/66	19
Patentar	20

PRESSEKLIPP

1955	55.1
1956	56.1
1957	57.1
1958	58.1
1959	59.1-2
1960	60.1-10
1961	61.1-46
1962	62.1-49
1963	63.1-33
1964	64.1-18
1965	65.1-11
1966	66.1-6

FORKORTINGAR av avisnamn.

A = Aftenposten
Adr.av = Adresseavisa
Arb.bl = Arbeiderbladet
BT = Bergens Tidende
NH&ST = Norges Handels- og Sjøfartstidende
SA = Sunnmøre Arbeideravis
SP = Sunnmørsposten
VG = Verdens Gang
? = Ukjend

Eige forlag.
Adr. 6230 Sykkylven.
Tel. (071) 51 859

Dei første

P I O N E R Å R I H A V B R U K.

Samandrag frå

P R E S S E K L I P P

med merknader og
supplerande opplysingar

ved

Karstein Oddm. Vik.

1954 - 55.

1954.

"HEGGEN-PLANEN"

"HEGGEN-PLANEN":

På eit møte i Sykkylven lanserar Ivar Heggen, Valldal, ein plan som seinare får namnet "Heggen-planen": Botnen av Sykkylvsfjorden skal avstengjast for kunstig oppdrett av laks.

I første omgang skal det innfangast stamlaks for rognstryking med etterfylgjande klekking og framfôring til utvandringsferdig settefisk (seinare kalla "smolt"). Han gjer rekning med at denne prosessen seinare skal foregå naturleg i det tilstøytande vassdraget. Smolten skal gå til havs på vanleg måte og kome attende til sitt opphav, i dette høvet den indre botnen av fjorden og Velledals-vassdraget. Kunstig fôring er såleis ikkje på tale etter smolt-stadiet, meddi laksen får si føde i havet som vanleg laks.

1955.

DO. KRITIKK.

INSPEKTØREN FOR FERSKVASSFISKERIA,
Joakim Harstad, Landbruksdepartementet, karaktiserar Heggenplanen som "reneste fantasiplaner" og seier m.a.: "De lar seg ikke realisere. Det kan derfor heller ikke bli tale om bidrag av offentlige midler til slike prosjekt."
Fiskerikonsulent Bakke støtter Harstad sitt syn, og det blir vist til fleire tidlegare mislukka forsøk. Denne skepsis gjeld også kunstig framfôring av yngel til smolt.

"STAMFISKSTASJONEN"

STAMFISKSTASJONEN I SYKKYLVEN
blir skipa med Fridtjof Fredriksen som formann.
Stasjonen har som oppgåve å føre Ivar Heggen sin plan ut i livet.
Det blir bygt eit klekkeri på Straumgjerde. Stamlaks blir innfanga og rognstroken om hausten. Rogn av regnbogeaure blir innkjøpt frå Danmark for å prøve oppdrett av regnbogeaure i ferskvatn på dansk vis. I same høve blir ein tur til Danmark arrangert med Ivar Heggen som leiar.

OLAV C. VIK OG KARSTEIN ODDM. VIK. STARTAR ANLEGG PÅ VIKØYRA

Brørne OLAV C. VIK og KARSTEIN ODDM. VIK
bygg eit lite klekkeri på Vikøyra i Sykkylven. Dei grev også ut 3 jorddammar: Ein for reint sjøvatn, ein for blandingsvatn og ein for ferskvatn lengst oppe.
Laks blir innfanga i kilenøter i mai - juni og sett i sjøvassdammen. Etter vanleg tilvenning til ferskvatn blir laksen rognstroken om hausten og rogna sett i klekkeriet.

1956.

"STAMFISKSTASJONEN" BLIR NEDLAGT OG VIKØYRA OVERTAR

STAMFISKSTASJONEN blir nedlagt og vidare arbeid med Heggenplanen oppgitt.
Alle vidare forsøk med laks og regnbogeaure blir overtatt av brørne Vik sitt anlegg på Vikøyra. 3-4.000 yngel av laks og 45.000 yngel av regnbogeaure blir overført frå Stamfiskstasjonen til dette anlegget.

SVEND JENSEN

Fiskerimester Svend Jensen frå Danmark blir tilsett som ekspert på oppdrett av regnbogeaure etter dansk mønster.
Olav C. Vik har hovudansvaret for drifta og eineansvaret for alle forsøk med laks.

LAKS I FANGENSKAP TAR MAT FOR FØRSTE GANG EIN KJENNER TIL.

INNFANGA LAKS TAR MAT.
Den innfanga laksen som gav rogn hausten 1955, blir etter strykinga sett ut att i sjødammen og prøvd med ymse slags fôr, men utan hell første tida. Han blir tynnare for kvar dag men nektar stadig å ta fôr til seg inntil 17. APRIL 1956. Då tar den innfanga laksen mat. Etter det ein kjenner til, har slikt aldri hendt før.

NY LAKS INNFANGA

NYE 40 LAKS BLIR INNFANGA
frå kilenøtene og sett ut i sjødammen på Vikøyra, storleik frå 1,5 til 8 kg. Desse blir tilvent ferskvatn og rognstrokne om hausten. Deretter i sjødammen påny.

1957.

BERRE 5 LAKSAR OVERLEVER
NY LAKS INNFANGA
YNGELPRODUKSJON IGANG.
SVEND JENSEN SLUTTAR

BERRE 5 AV DEI INNFANGA LAKSANE OVERLEVER VINTEREN
og tar mat, og 17 nye laksar blir innfanga om våren.
Men yngelproduksjonen av laks er igang.
Svend Jensen sluttar og Olav C. Vik overtar alt ansvar og alle forsøk.

1958.

NY LAKS INNFANGA
LAKS GIR ROGN FOR 2. GONG.

INNFANGING AV LAKS HELD FRAM. Beholdning ca. 90 laks.
INNFANGA LAKS GIR ROGN FOR ANDRE GONG om hausten etter å ha blitt kunstig fôra frå første gangs gyting.
Etter gyting blir all laks sett ut att i sjødammen og merka for vidare forsøk.

1959.

NOR-LAKS

NOR-LAKS.
Olav C. Vik og Karstein Oddm. Vik skipar personleg firma for oppdrett av laks og aure og gir det namnet NOR-LAKS.

NY UTBYGGING

NOR-LAKS BYGG PUMPEHUS og 11 sekskanta SETTEFISKDAMMAR.
På konstruksjonen av sekskantdammane får dei norsk patent nr. 109 633.

REGNBOGEAURE TILVENT SJØVATN

FORSØKA MED TILVENNING AV REGNBOGEAURE TIL SJØVATN HAR LUKKAST.
Både kvalitet og vekst blir betre.
(Eit hendeleg uhell framskunda resultatet ein del: Nokre fiskar hadde på ukjent måte kome seg frå øverste ferskvassdam til sjøvassdammen nedanfor, der dei blei oppdaga ved eit tilfelle. Dei hadde såleis gjennomgått ei utilsikta tilvenning til sjø.)

RAUDT FISKEKJØT

FÔRINGSFORSØK MED REKESKALL.
Det har tilslutt lukkast å få fram raudt fiskekjøt på laks og regnbogeaure ved fôring med rekeskall. Etter det vi veit er dette første gang i samband med kunstig fôring.

FLYTEKASSER I

FORSØK MED FLYTEKASSER
på sjøen istadenfor dammar på land blir sett igang på anlegget til NOR-LAKS. I første omgang blir det prøvt med kvadratiske kasser 500 cm x 500 cm.

1960.

LAKS 3. OVERVINTRING

TREDJE OVERVINTRING AV LAKS 100% VELLUKKA
OG LAKSEN TAR NÆRING ALLEREIDE I MARS.
3 års smålaks tar mat heile vinteren og har vakse 13-14 cm sidan august. Den vil bli pjakk til sommaren.

REGNBOGEAURE

2-ÅRS REGNBOGEAURE HAR OVERVINTRA GODT.
Rognklekkinga startar i mars.

Det blir gjort forsøk med utsetting av regnbogeaure i nokre elvar, m.a. 10.000 i Vike-elva med tilhøyrande fjellvatn.

NYE ANLEGG

11 NYE ANLEGG ER UNDER BYGGING i Møre og Romsdal
melder Samarbeidsnemnda for Ålesund og Sunnmøre.

OFFENTLEG TRU OG TVIL

BÅDE TRU OG TVIL PÅ DEN NYE NÆRINGSVEGEN
kjem til uttrykk i norsk presse:

Kåre Skutvik

Sekretær Kåre Skutvik
i Opplysningskontoret for Næringslivet i Ålesund og Sunnmøre har ved fleire høve gått heilhjarta og sterkt inn for dei forsøk som Nor-Laks driv.

Gunnar Rollefsen

Direktør Gunnar Rollefsen
ved Havforskningsinstituttet i Bergen har uttalt seg positivt men kan lite gjere då dette sorterar under Landbruksdepartementet.

Johan Karlsen

Stortingsmann Johan Karlsen (A)
frå Sør-Trøndelag melder eit grunngitt spørsmål til Landbruksministeren: "Er regjeringen oppmerksom på de eksperimentene som drives i Sykkylven med laks og ørret og som synes å kunne få stor betydning for styrking av næringsgrunnlaget for vårt kystområde? Vil regjeringen foreta seg noe for å støtte opp om disse forsøkene?"

Offentleg tru og tvil(forts.)

Joakim Harstad

Inspektøren for Ferskvannsfisket, Joakim Harstad, offentleggjer ein uttale som er "preget av tydelig uttalt skepsis" og åtvarar mot "overdrevne forestillinger om mulighetene for lønnsomt damoppdrett" og syner til tidlegare mislykka forsøk. Sitat: "-- det drives en nokså uoverveid propaganda for ørret-anlegg på Sunnmøre for tiden. Det er til og med kommet så langt at sunnmøringene nå ber om statsstøtte til anleggene sine ---".

LAKS

Om hausten blir overvintra
LAKS ROGNSTROKEN FOR 4de ÅRET PÅ RAD.
Etter det ein kjenner til er dette
FØRSTE GONG SLIKT HAR HENDT.

DET ER BEVIST

NOR-LAKS HAR FØRT BEVIS FOR AT:

1. Laks kan ta mat til seg i fangenskap og kan gi rogn minst 4 år etter einannan.

2. Laks som er fôra opp i fangenskap frå rogn og som såleis ikkje har gått til havs, kan gi rogn og ny yngel. DET VIL SEIE:

3. LAKS KAN FÔRAST OPP SOM HUSDYR: GENERASJON ETTER GENERASJON I FANGENSKAP.

1961

KÅRE SKUTVIKS "KVITBOK"

Kåre Skutvik i Opplysningskontoret for Næringslivet i Ålesund og Sunnmøre utgir si
"KVITBOK"
for å få våre styresmakter til å sjå alvorleg på dei forsøka som er foretatt og for å imøtegå Joakim Harstads kritikk.
Han skisserar ein plan for framtidig forsking og støtte til den nye næringsvegen og avsluttar slik: "-- Når vi summerer opp alt som er sagt, mener jeg at det offentlige må satse store summer på forsking av aure og laks; Det vil høgst sannsynlig vise seg å bli meget nyttige investeringer."

GUNNAR ROLLEFSEN

Gunnar Rollefsen, direktør for Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt (sjå s. 5) går sterkt ut til fordel for oppdrett av laks og aure: "-- Etter å ha sett de oppsiktsvekkende resultater som er oppnådd ved brødrene Viks anlegg i Sykkylven, er jeg ikke i ringeste tvil om at vi står overfor et prosjekt og ideer av store dimensjoner."

JOHAN KARLSEN INTERPELLERAR I STORTINGET 19. APRIL

JOHAN KARLSENS INTERPELLASJON I STORTINGEN blei framlagt og diskutert 19. april. Ref.: "Et forslag fra Johan Karlsen (A), Sør-Trøndelag, med en henstilling til Regjeringen om å støtte forsøk og eksperimenter med oppdrett av ørret og laks som næringsgrunnlag, ble enstemmig sendt over til Regjeringen."
Det blei elles ein heftig diskusjon der fleire talarar meinte at denne nye næringsvegen burde sortere under Fiskeridepartementet og ikkje under Landbruksdepartementet som no.

HEGGENPLANAR

Norges Fiskarlag vedtar å gå inn for Heggenplanen og for oppdrett av laks og aure.
Ivar Heggen legg fram ein ny, storstilt plan for landsomfattande auke av laksefiskeria i samband med oppdrett.

FLYTEKASSER II

Nor-Laks intensiverar sine forsøk med flytekasser i sjø.
Ny dimensjon 10m x 10m er under utprøving.

AUKANDE INTERRESSE

Etter interpellasjonen i Stortinget og den publisitet som fylgde, er interressa for oppdrett av laks og aure stadig aukande. Mange meiner at no bør det offentlege ta seg av nødvendig informasjon og rettleiing.
Men førebels er ingenting gjort derifrå.

FORSØK UTANOM NOR-LAKS

Oppmuntra av gode resultat ved Nor-Laks sitt anlegg er det sett igang parallelle forsøk ved ved fleire andre anlegg og delvis under andre forhold. Fylgjande anlegg er m.a. nemnde i dagspressa:

1) I Velsvik i Dalsfjord er anlagt eit såkalla blandingsanlegg der vassirkulasjonen er basert på flo/fjøre med tilførsel av ferskvatn.

2) På Eggesbønes er anlagt eit reint sjøvassanlegg i eit avstengt sund med naturleg gjennomstrømming av sjøvatn.

3) Eit liknande anlegg er under utprøving ved Mathopen ved Bergen.

4) I Mauseidvåg er eit blandingsanlegg som 1) i drift.

Det blir opplyst i dagspressa at ca. 40 anlegg alt er i drift eller under planlegging.

UTBYGGINGSFONDET

Utbyggingsdirektør Reidar Carlsen vitjar nokre oppdrettsanlegg på Sunnmøre saman med sunnmørske tiltakssjefar. Han er sers positivt innstilt til næringa.

UHELL MED LAKS

Laks som for første gong i historia skulle gi rogn for 5te gong, døyr av matforgifting på Nor-Laks sitt anlegg.
4de års gyting går fint også iår.
Laks har vakse frå 50gr til 2kg på eitt år, og det er stroke rogn av mykje laks frå eigen avl.

AUKANDE INTERESSE I UTLANDET

DEI FORSØKA SOM BLIR UTFØRT VED NOR-LAKS I SYKKYLVEN VEKKJER STADIG STØRRE INTERESSE I UTLANDET:

ISLAND

Etter oppmoding frå islandske styresmakter reiser Karstein Oddm. Vik til Island for å vurdere tilhøva for oppdrett av laks og aure der. Han har m.a. konferanse med landbruksministeren og med Ervervskomiteen der sjefsdirektøren for Islands Bank er formann.

CANADA

Den canadiske vise-fiskeriminister i New Brunsvick, mr. Chenerd, teknisk sjef for det federale fiskeridepartementet, mr. Frecht, og sunnmørs-canadieren Jens Moe, vitjar Nor-Laks sitt anlegg og inviterar Karstein Oddm. Vik til å sjå på tilhøva for oppdrett i Canada.

AUSTRALIA

Private interesser saman med regjeringa har planar om å bygge eit kombinert forsknings- og sentralanlegg for oppdrett på Tasmania, etter mønster frå Nor-Laks. Det er planar om at Karstein Oddm. Vik skal ein tur dit for å setje seg inn i tilhøva. Ein representant frå Australia vitjar Nor-Laks.

IRLAND

Etter oppmoding frå irske styresmakter reiser Karstein Oddm. Vik til Irland for å sjå på tilhøva for oppdrett der.
Han har m.a. konferanse med ei ekspertgruppe leia av mr. Lenihan, Parliamentary Secretary to the Minister of Lands.
Stort oppslag på første side av "The Irish Press" 21/11.61.
Vik var også i irsk fjernsyn.

AVISDISKUSJON
MELLOM JOAKIM HARSTAD
OG S. M. EKORNES

Kring årsskiftet 1961-62 pågjekk det i avisspaltene ein diskusjon mellom inspektøren for ferskvannsfiskeadministrasjonen i Norge, Joakim Harstad og direktør S.M.Ekornes ved Norges Banks avdeling Ålesund, etterfylgd av ein leiarartikkel i Sunnmørsposten. Denne diskusjonen er så pass talande for dei motsette meiningane i tida, at eg finn det høveleg å ta med eit utdrag her:

JOAKIM HARSTAD

JOAKIM HARSTAD, INSPEKTØR FOR FERSKVANNSFISKET I NORGE:

I aftenposten 16/12.61 går han sterkt imot overflytting av oppdrettsnæringa til Fiskeridepartementet og gjer merksam på alt det hans kontor har gjort for næringa. (Sitat:) " --- Forøvrig har jeg både i skrift og tale mangfoldige ganger redegjort for fiskeoppdrettets muligheter og vanskeligheter i Norge. Jeg må i denne forbindelse uttale min forbauselse over at forholdene for damfiskproduksjon skulle ligge bedre tilrette i Norge enn i Danmark ----".(Komm.: Veit han ikkje skilnaden?) "-- Med tilstrekkelig erfaring og innsikt, forsiktighet og arbeidsomhet kan det gå bra. Brødrene Viks anlegg i Sykkylven på Sunnmøre tyder på at det lar seg gjøre. Men man må være oppmerksom på at det her er nedlagt stor kapital og megen faglig innsikt også fra Ferskvannsfiskeinspektoratet under Landbruksdepartementet, og at man fremdeles vet lite om hvordan det ville arte seg hvis det skulle bli en alminnelig utbredt kystnæring -----".

S. M. EKORNES

DIREKTØR S. M. EKORNES VED NORGES BANKS AVDELING ÅLESUND:

Han siterar deler av Harstads artikkel og held fram: "For å ta det siste først kan følgende faktiske opplysninger meddeles: Til drift og anlegg av stamlaksbasseng og klekkeri for laks har Landbruksdepartementet bevilget og utbetalt kr. 14.000. Det ble uttrykkelig sagt at disse penger bare måtte benyttes til forsøk med laks og ikke regnbueørret. Det er altså ikke gitt bidrag til forsøk med regnbueørret.
Brødrene Vik begynte sine forsøk for ca. 6 år siden. Disse to brødre - arkitekt Karstein Oddm. Vik og gartner Olav Vik - er forsiktige karer som ikke begir seg ut på eventyr. I disse 6 år har de bygget ut anlegget trinnvis, og anlegget har idag en kapasitet på ca. 1.200.000 yngel og er taksert til ca. kr. 480.000. Av dette beløp har de lånt kr. 150.000.

S.M.Ekornes (forts.)

Brødrene Viks utlegg til drift og forsøk er pr. idag ca. kr. 212.000. Anlegget har en driftskreditt på kr. 20.000. Ferskvannsfiskeinspektoratets tilskudd er altså på kr. 14.000, så noen nevneverdig kapitalinnsats derfra er det ikke. Det er således brødrene Vik som har satset storparten av kapitalen. Og så var det den meget faglige innsikt fra ferskvannsfiske-inspektoratets side. Om det kan følgende fakta opplyses: Inspektør Harstad besøkte anlegget en gang i 1958 og ca. 1 time på gjennomreise sommeren 1960. Ingen av hans besøk gav noen som helst faglig hjelp. Konsulent Kjell W. Jensen besøkte anlegget siste gang sommeren 1960. Etter den tid har ingen av ferskvanns-fiskeinspektoratets biologer eller konsulenter satt sin fot på anlegget. Anlegget har heller ikke i siste 1½ år fått noen som helst annen faglig hjelp fra den kant. ------ At herr Harstad fremdeles sammenligner forholdene i Norge med Danmark, tyder på at han ennå ikke forstår eller vil forstå hva som foregår, at brødrene Vik driver oppdrett i sjøvann og ikke i ferskvann. Forholdene kan etter min mening vanskelig sammenlignes, da dette er to helt forskjellige ting. Heller ikke kan dette nye sammen-lignes med de forsøk i ferskvann som gjøres og som tidligere er gjort i Norge.------- Selv om en idag er kommet så langt at en med visshet kan si at oppdrett av regnbueørret i sjøvann kan bli en stor og lønnsom næringsvei for vårt land, så er det ennå meget igjen å lære. Dette er brødrene Vik fullt klar over og har gitt uttrykk for dette rett ofte. Når det gjelder forsking og forsøk, står en ennu bare på terskelen til et stort og ukjent område. Et kollosalt arbeidsfelt ligger åpent foran oss.----".

LEIAR I SUNNMØRSPOSTEN

SUNNMØRSPOSTEN:

I ein leiarartikkel refererar avisa til S.M.Ekornes sin artikkel og merknader til Joakim Harstads omtale av oppdrettsnæringa. Den går sterkt inn for vidare forsking og offentleg innsats: "--- Det må vere ei forskningsoppgåve av første klasse å skape stadig sikrare grunnlag for å få fram best mogleg fiskekvalitet til så rimlege prisar som mogleg. Og her er det det offentlege må kome inn i biletet. Vi skal ikkje kome inn på korleis forsøksverksemda og det vitskaplege arbeidet bør leggast opp. Det får bli fagfolk si oppgåve. Men ein ting må vere klart. Her må det satsast pengar, og om det kanskje ikkje vert heilt små summar i første omgang, så er vi overtydde om at med rett opplegg vil ettertida syne at det var god investering."

MEDALJE TIL OLAV C. VIK OG KARSTEIN ODDM. VIK

Ved ei tilstelling i Bergen blir Olav C. Vik og Karstein Oddm. Vik tildelt sølvmedalje frå Selskabet for de Norske Fiskeriers Fremme.

UTVAL OPPNEVNT AV LANDBRUKSDEPARTEMENTET

På eit nytt spørsmål frå Johan Karlsen (A), Sør-Trøndelag i Stortinget opplyser landbruksminister Einar Wøhni at det er oppnevnt eit utval med statssekretær Kleppe som sekretær. Det har fått som mandat å vurdere spørsmålet om ei utvida forskings- og vegleiingsteneste når det gjeld oppdrett av laks i sjøen. Det skal dessutan uttale seg om utbygginga av den noverande forskings- og vegleiingstenesta og om plassering av dette arbeidet.

EKSPERTMØTE I BERGEN

Etter initiativ frå konsulenten for ferskvannsfisket i Vest-Norge Christofer Senstad, blir det arrangert eit såkalle "ekspertmøte" i Bergen. Fiskeriinspektør Joakim Harstad førestår møtet.
Under heile møtet får ein ei kjensle av at møteleiinga rører seg på sida av problema og diskuterar noko heilt anna enn det som saka gjeld. Spørsmålet ein kan stille er: Har denne etaten ennå ikkje oppdaga at oppdrett i sjøvatn er noko heilt anna enn det ferskvannsoppdrettet dei stadig refererar til?
På møtet lanserte Karstein Oddm. Vik ideen om ein fôrfabrikk. (Fiskeridirektør Klaus Sunnanå og Karstein Oddm. Vik gjekk saman frå møtet ganske tidleg av grunnar som ovanfor nemnt. Dei tala vidare om saka på kontoret til Sunnanå til stor nytte for begge.)

OPPDRETTARANE ORGANISERAR SEG

Det første fylkeslaget av aure- og lakseoppdrettarar blir skipa i Møre og Romsdal. Formann blir M.O.Kleven og styrelemar Olav C. Vik og Reidar Eggesbø.

KARSTEIN ODDM. VIK HELD FOREDRAG I BERGEN

Karstein Oddm. Vik held to foredrag i Bergen: 13/2 i Bergen Jeger- og Fiskerforening og 14/2 i Bergen Sportfiskere. Desse foredraga inneheld så mange av dei problema næringa slit med, at siste delen av dei blir tatt med ordlydande nedanfor.

Vik gjer greie for dei resultat som foreligg og avsluttar såleis:
" --- Det er ganske naturleg at nye tiltak og landevinningar av slik art som denne har fått ein ganske stor publisitet, ikkje berre i vårt land men også i utlandet. Vi er av Inspektøren for ferskvannsfisket blitt offentleg kritisert for denne publisiteten. Til dette er det berre å svare at det ikkje står i vår makt å kneble ei fri presse i eit demokratisk samfunn.

Foredrag (forts.)

Korleis ser så utanlandske statsmakter på denne nye landevinninga på fiskeoppdrettet sitt område? Eg skal referere eit par smakebitar: Sitat - " ---kan vi meddele Dem at vi nu har fått tilsagn av den tasmanske regjering om at vi skal få all den assistanse som den kan gi oss. Det samme har vi fått fra Commonwealth Scientific and Industrial Research Organisation." (Frå ein norsk-australier) Vidare:(oversett til norsk) "-- Han er nå tilbake etter å ha besøkt New Zealand siste veke, der han diskuterte forslaget med New Zealands fiskeri- og turistmyndigheter. Begge likte prosjektet godt og var meir enn ivrige etter å hjelpe oss."

Mr. Brian Lenehan som er det parlamentariske overhovud for fiskeria på Irland uttalar seg m.a. slik til det canadiske tidsskriftet "Canadian Fisherman" (oversett): "--Vi er svært glade for at Irland har fått sjansen til å kome inn frå grunnen av med den nye lakse-oppdrettsindustri, for eg trur at den vil bli teken i bruk i mange deler av verda innan dei næste år. Både eg og mine rådgjevarar er overtydde om at den nye metoden, lansert av brødrene Vik i Norge, er eit sunt økonomisk framlegg. Når det gjeld Den irske Regjering, har eg fortalt Vik at vi er viljuge til å gi han 100% skattefri inntekt på eksport av denne vare i dei første 10 åra. -- Eg tenkjer den beste måten å beskrive den nye metoden på er å seie at det er ei ny biologisk landevinning." (I parantes kan eg bemerke at mr. Lenehan har sendt to av sine fremste rådgjevarar hit for å sjå på både vårt og andre anlegg på Sunnmøre.)

Sjølvsagt blir vi kritisert for å knyte samband med utlandet på denne måten, og dei som kritiserar oss er også sjølvsagt i sin aller beste rett. Til vårt forsvar kan vi berre seie: Det er økonomien som tvingar oss. I 6 år har vi no venta på forståing og velvilje frå våre statsmakters side, men til idag utan resultat. Vi har ikkje bedt om hjelp til vår eiga forsking, men om hjelp til alle dei anlegg som no set igang, og som har så sterk tru på saka at dei utan vidare ofrar si tid og sine sparepengar på ein næringsveg som dei veit så altfor lite om. Vårt anlegg er bygt ut som eit sentralanlegg for produksjon og salg av settefisk til desse anlegga, og vår økonomiske framgang er derfor i høg grad avhengig av korleis det går med dei anlegga som set igang. Den passivitet vi alle er blitt møtt med frå Ferskvannsfiske-inspektoratets side, har derfor tvinga vårt anlegg til å akseptere nokre av dei mange tilbod vi har fått frå utlandet. Det var vårt høgste ynske at vi kunne la vårt eige land behalde den leiarplassen dei nå har på dette feltet, istadenfor å la utlandet sleppe til i konkurransen. Men diverre ser det ikkje ut til at våre styresmakter har den minste interesse av å kome først her. Det må i så fall ein ganske annan politikk og eit ganske anna initiativ til, enn det som har rådd grunnen fram til idag. Kanskje vil soga vår ein gong gi oss det rette biletet av kven som har røkta sitt pund best. Men landet vårt og den nye næringsvegen har idag så lite nytte av ein slik framtidig dom. Skal vi halde fram i den lei vi nå stemner, er det alt som tyder på at det gamle ordtaket får rett når det seier at kua døyr medan graset gror."

INTERESSA I UTLANDET ER STADIG AUKANDE

Interessa for oppdrett av laks og aure i sjøvatn aukar stadig i utlandet. Dette gjer seg utslag både i utanlandsk presse og i vitjingar til og frå ymse utland. Nokre døme er gjengitt nedanfor:

JOHN J. MURDOCH "CANADIAN FISHERMAN"

Journalisten John J. Murdock har eit stort oppslag i januar-nummeret av "Canadian Fisherman": "Breeding Salmon in Fish Farms Proved possible in Norway." Denne artikkelen vekkjer mykje oppsikt på den andre sida av havet.

IRLAND

IRLAND.

Mr. Brian Lenihan. "Parliamentary Secretary to the Minister of Land" sender to ekspertar, ing. Charles J. McGrath og biolog Edward Toner til Nor-Laks sitt anlegg saman med privat interessert mr. Richard Walsh og hans son. Dei har også samtalar med dir. Gunnar Rollefsen ved Havforskningsinstituttet.

Ved tilbakekomsten lovar mr. Lenihan 100% skattefritak i 10 år på all eksportert fisk frå alle anlegg som blir bygt i Irland.

I tidsskriftet "Stream and Field" av juni 1962 får "The brothers Vik" tilnamnet "Backroom Boys".

AUSTRALIA

AUSTRALIA.

Etter oppdrag frå to australske nordmenn, J. B. Meling og P. Westergaard, reiser Karstein Oddm. Vik til Australia og har synfaring på Tasmania for mogleg start av oppdrett der. Han har også konferanse med tilsvarande myndigheiter der om saka.

Tasmansk fiskarorganisasjon, "Southern Tasmanian Licensed Anglers" Association" går sterkt imot planen, då dei fryktar at såkalla "poachers" (tjuvfiskarar) får lettare salg på sine varer.

Nor-Laks får gjenvisitt av J.B.Meling og Alec Purves i juli.

CANADA

(sjå s. 9)

CANADA

Etter oppdrag frå Det Canadiske Fiskeridepartement og sunnmørs-canadieren Jens Moe, reiser Karstein Oddm. Vik frå Australia via U.S.A. til Canada. Han orientarar canadiske federale fiskeri-myndigheiter og har befaring på aktuelle stader i Nova Scotia.

Interessa i utlandet er stadig aukande (forts.)

U. S. A.

U. S. A.

På veg til Canada har Karstein Oddm. Vik eit opphald i Seattle. Der blir han invitert til University of Washington der han orienterer interesserte partar ved eit "college" om ymse sider ved oppdrettsproblematikken. Av dei interesserte kan nemnast professorane Donaldsen og Mathiesen.

ENGLAND

ENGLAND.

Ein engelsk ekspertdelegasjon vitjar Nor-Laks sitt anlegg og Klevens anlegg i Vestrefjorden. Delegasjonen består av: Professor dr. J. W. Jones, University of Liverpool, ingeniør David Harrison, fiskeriinspektør Herbert Evans og formann i fiskeristyret for Irvynedd River, Caernarvon, Edward Huges. Professor dr. Jones er ein av dei fremste lakseekspertar i verda. Etter besøket uttalar han m.a. (oversett): " -- La meg straks slå fast at vi er mykje imponert over det vi fekk sjå av resultat ved brørne Vik sitt anlegg for oppdrett av laks og regnbogeaure i Sykkylven. -- Eg har absolutt inntrykk av at dei resultat ein hittil har oppnådd, lovar uvanleg godt. Derfor vonar eg inderleg at dei norske myndigheiter kjenner si besøkstid. Det gjeld framfor alt å få stilt til rådvelde eit tilstrekkeleg tal av biologar med ferskvassfisk som spesialområde. Det vil utan tvil melde seg ein del problem i åra framover, og utan ein tilstrekkeleg stab av fagfolk vil ein ikkje kunne nyttiggjere seg erfaringane i full mon."

SPANIA

SPANIA.

Ein spansk delegasjon vitjar Nor-Laks sitt anlegg i september: Fiskeriekspert dr. ing. Jaime de Foxa, direktør Andrés B. Zala og norsk-spanjolen Joh. P. Skaurum.
Eit anlegg i Nord-Spania er på tale.

SALMON RESEARCH GROUP

Etter spesiell invitasjon møter Karstein Oddm. Vik som representant for Norge i "Salmon Research Group" i Cambridge.
Det scotske Landbruksdepartement står for invitasjonen.

EIFAC

EIFAC - Den Eropeiske Rådgivende Kommisjon for Innlandsfiskeriene - har møte i Paris. Norge er med som medlem for første gang og er representert ved fiskerikonsulent Kjell W. Jensen.

TV-PROGRAM OM NOR-LAKS

Fjernsynet 30. mars har eit 25 min. innslag med reportasje frå anlegget til Nor-Laks ved Lasse Torset og intervju med Kåre Skutvik og Karstein Oddm. Vik i TV-studio, leia av Sverre Tinnå.

OPPDRETTARANE ORGANISERAR SEG PÅ LANDSBASIS

Norske Fiskeoppdretteres Landsforbund blir skipa i Bergen 17. juni. Formann blir konsulent Guttorm Olsen, Bergen. Styret elles blir: Rich. von Tscharner, Drammen, Olav Egeland, Rogaland og Haakon Sævold, Bergen.

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET MED NYE FORSØK

Havforskningsinstituttet i Bergen kan ikkje lenger vente på tiltak frå Landbruksdepartementet men set igang eigne forsøk ved akvariet under leiing av bestyrar Fridtjof Wiese-Hansen og finansiert av Fiskeridepartementet. Det gjeld særleg regnbogeaure.

NOR-LAKS PLANLEGG PRIVAT FORSKING

Nor-Laks har planar om å sette igang privat forsking. Dei meiner at det er uforsvarleg å vente lenger på at Landbruksdepartementet skal etterkome Stortinget sitt ynske om offentleg støtte og forsking. Lakseforsøka er allereide intensivert.

EKSPORTFORSØK MED REGNBOGEAURE

Nor-Laks og andre anlegg prøver seg på eksportmarknaden. Eksporten til Sverige og Frankrike har gått bra.

1963.

UTBYGGINGSFONDET INNKALLAR TIL KONFERANSE

Utbyggingsfondet har engasjert seg ganske sterkt ved oppbygginga av den nye næringsvegen. I denne samanheng har det innkalla oppdrettarane til ein konferanse der problema som har oppstått og som vil oppstå, blir drøfta.

PROBLEMA MELDER SEG

Norske anlegg merkar i stadig større grad mangelen på fagleg hjelp og stønad. Dette gjeld både fôrspørsmål, sjukdomar m. m.

SETTEFISK MED BRØNNBÅT

Nor-Laks tar i bruk brønnbåt for transport av settefisk av laks og regnbogeaure som er tilvent sjøvatn. Transporten har gått bra hittil.

OPPDRETTSANLEGGET PÅ BRUNLANES

Oppdrettsanlegget på Brunlanes blir i stadig større grad omtalt i pressa. Det har ein kapasitet på 50.000 kg. matfisk i året.

HERMETISERING AV REGNBOGEAURE

Herøy Canning A.s. startar forsøk med hermetisering av regnbogeaure og kaviar av aurerogn.

LANDSOMFATTANDE SAMARBEIDS-ORGAN OG SEKRETARIAT

Oppdrettarane i Møre og Romsdal tar initiativet til skiping av eit landsomfattande samarbeidsorgan for oppdrett av laks og regnbogeaure. Organet skal ta seg av alle sider ved næringa, også marknadsføring og salg.
Arbeids- og tiltaksnemnda i Møre og Romsdal tilrår støtte over 3 år til eit sekretariat.

MANGE ANLEGG I DRIFT. Stort tal av planlagde anlegg for oppdrett av laks og regnbogeaure kjem i drift utover landet, også i Nord-Norge.

FLYTEDAMMAR III Vellukka forsøk med flytedammar i sjø på Sandviknes på Stadlandet. Artur Brenne protesterar på påstanden om at dette var første i sitt slag, fordi han har hatt forsøk igang på Straumshamn i over eitt år. Men det er nok ingen tvil om at det var Nor-Laks som først sette igang med denne form for oppdrett.(Sjå side 4/1959 og 7/1961)

NOR-LAKS BYGG FRYSERI Nor-Laks bygg fryseri for frysing av fôr og rekeskall.

EKSPORT AV REGNBOGEAURE Nor-Laks og Invær Aureoppdrett eksporterar regnbogeaure til Frankrike og England.

NOR-LAKS INNGÅR AVTALE MED UNILEVER På grunn av manglande statleg interesse må Nor-Laks inngå avtale med Unileverkonsernet for å skaffe seg kapital til vidare drift og forsøk. Nor-Laks sel know-how og rett til å kunne fylgje opp i sine vidare forsøk til dette konsernet. Karstein Oddm. Vik påtar seg å finne høveleg plass i Scotland og å teikne anlegget.

LEVANDE REGNBOGEAURE TIL SVERIGE Nor-Laks startar prøvesalg av levande stor regnbogeaure til svenske elvar for oppfisking. Den går med brønnbåt til Stjørdal og med tankbil derifrå.

FÔRINGSFORSØK Havforskningsinstituttet i Bergen har igang diverse fôringsforsøk på privat basis for å kartlegge verknadene av ymse fôrsortar på kvalitet, vekst, smak og konsistens.

SAMARBEIDSORGAN OG FORSKINGSAVDELING Opplysningskontoret for Næringslivet i Ålesund og Sunnmøre saman med Distriktenes Utbyggingsfond pressar på for å få skipa eit samarbeidsorgan som m.a. skal ta seg av forsking og salg.(Sjå s. 17) Sunnmørsposten går sterkt ut på leiarplass.

1965.

REGNBOGEAURE

Det ser ut til at oppdrett av regnbogeaure i sjøvatn er mest attraktivt hjå oppdrettarane. Det er mange som, etter tilhøva, satsar stort på dette.

JOAKIM HARSTAD
FRAMLEIS NEGATIV

Fiskeoppdrett er ikke blitt den store suksess, seier ferskvannsfiskeinspektør Joakim Harstad til m.a. Nationen 28/9. (Komm.: Artikkelen illustrerar igrunnen tydeleg kor lite han veit om det som føregår.)

FLYTEDAMMAR IV

På Korsbrekke i Sunnylven har det vore igang vellukka forsøk med flytedammar i samarbeid med Nor-Laks.

1966.

FORSØKSANLEGG

På Ims i Høgsfjord er det planlagt eit forsøksanlegg for regnbogeaure kombinert med produksjonsanlegg for settefisk av laks (smolt). Anlegget er meint å kunne dekke Sør-Vestlandet ned til Åna-Sira-området. Ferskvannsfiskeinspektør h.v. Joakim Harstad gir dette anlegget høgste prioritet.

DUMPING AV PRISAR
PÅ REGNBOGEAURE

Japan og Danmark sel regnbogeaure av porsjonsstorleik til dumpingprisar for å presse norske anlegg ut av marknaden.

50 ANLEGG I NORGE

Det er nå tilsaman ca. 50 anlegg for oppdrett av laks og regnbogeaure i drift i Norge.

PATENTER PÅ LAKS- OG AUREOPPDRETT

I samband med si pionerverksemd har Nor-Laks tatt ut fylgjande PATENTAR:

1. FREMGANGSMÅTE VED OPPDRETT AV FISK.
   Patent nr. 109810 Norge.
   Innvilga 14. november 1966 og gjeldande frå 20. april 1964.
   Patentet gjeld oppvarming av ferskvatn ved å la det sirkulere i rør gjennom sjøvatn.

2. ANORDNING VED STRØMDAMMER FOR FISKEOPPDRETT.
   Patent nr. 109633 Norge.
   Innvilga 17. oktober 1966 og gjeldande frå 3. mars 1964.
   Patentet gjeld sekskanta fiskedammar sett saman i gruppe.

3. FREMGANGSMÅTE VED OPPDRETT AV FISK, SÆRLIG LAKSEFISK.
   Patent nr. 109810 Norge.
   Innvilga 10. juli 1967 og gjeldande frå 20. august 1965.

   Patent nr. 1085686 Storbritannia.
   Innvilga 31. januar 1968 og gjeldande frå 22. august 1966.

   Patent nr. 330337 Spania.
   Innvilga 8. juli 1967 og gjeldande frå 20. august 1965.

   Patent nr. 3406662 U. S. A.
   Gjeldande frå 22. oktober 1968

   Patentet gjeld gradvis tilvenning til sjøvatn.

SP. 2/3.55

55.1

Ivar Heggens «Sykkylvsplan» får kritikk av autoritetene

«Umulig å overføre danskenes utklekning av ørret på laks»

Ikke tale om offentlige midler til slike prosjekt, sier fiskerijinspektør Harstad

I et intervju med Vest-Norges Pressebyrå retter fiskerikonsulent for ferskvannsfiske, Jon Bakke, kraftig kritikk mot Ivar Heggens lakseutklekkingsplan i Sykkylven.

— Heggen har bygget sin plan på danskenes resultater av oppdrett av ørretyngel for salg, sier fiskerikonsulenten. Danskene bruker bassenger til oppdrettet, men Heggen vil stenge en hel fjord og nytte den til basseng, hvor altså lakseyngelen skal fores opp, for så å slippes til sjøs.

Det er selvsagt aldri greitt å komme med kritikk. Folk har så lett for å tro at ens innstilling er negativ, fortsetter Bakke. Men i somme tilfelle kan kritikk være både nødvendig og positiv, særlig når det gjelder dårlig funderte prosjekter, som opphavsmannen neppe vil ha noen glede av, og som ellers bare bidrar til å skape forvirring og uriktige illusjoner. De ansvarlige myndigheter har da plikt til å si fra.

Det er en meget vanskelig affære Ivar Heggen har innlatt seg på, sier fiskerikonsulent Bakke videre. Jeg vil nevne at jeg nettopp i dag har fått et brev fra fiskeriinspektør Harstad i Landbruksdepartementet, der han sier at det er umulig å stenge av en fjord på en slik måte, at man kan nytte bassenget som oppdrett for laks. De planer om en avstengning av en fjord, som har forekommet Sunnmøre i det siste, er de verste fantasiplaner, sier fiskeriinspektøren. De lar seg ikke realisere. Det kan derfor heller ikke bli tale om bidrag av offentlige midler til slike prosjekter.

MANGE LIKNENDE FORSØK MED DÅRLIG RESULTAT

— Det har kanskje forekommet liknende prosjekter tidligere?

— Ja, alt for 60 år siden var det noe liknende på tapetet her i landet. Gamle inspektør Landmark kom da fra Amerika med ideen. Man bygget 3 kvern-anstalter med isfangstbur, hvor man skulle fore sped-yngelen opp til «utvandringsstørrelse», i stedet for å slippe den i elvene. Resultatet ble helt negativt. Uheld kom til som det ikke var mulig på forhånd å ta med i beregningen. Og det kan nevnes forsøket på Grude ved Klepp på Jæren — bygget på de samme informasjoner som Landmark hadde med fra Amerika. Etter et voldsomt regn kreperte hele belegget — 1, 2 og 3 års gammel yngel. Ved Drammensvassdraget i 1900—1910 måtte man uten videre stoppe virksomheten. Det viste seg nemlig at bestanden stadig minket. Man mente for øvrig at den lakseyngelen som ble fore opp her, var så troskyldig av seg at den gikk rett i magen på seien når den kom til sjøs! — I Lærdal i Sogn i 1918 måtte man slutte grunnet formangel.

HEGGEN GÅR VIDERE

Så sent som i 1950 kom Sven Somme fra Amerika med tilsvarende prosjekt om å fore lakseyngel til utvandringsstadiet i dammer eller bassenger. Ivar Heggen går enda videre enn man har gjort ved disse forsøk, idet han jo vil stenge av en hel fjord i Sykkylven.

Og det har vært mange andre forsøk med foring av lakseyngel, som det vil føre for langt å ta med. Ingen av dem har vært vellykket, fremhever fiskerikonsulent Bakke, og de har kostet en masse penger.

— Men den kunstige utklekkingen som danskene driver med?

Ein stamfiskstasjon treng kombinasjon av ferskvatn og sjøbasseng. Mange [illegible] kysten finn ein fjordarmar som ligg heilveg til på [illegible] i Sykkylven. Det er teke straks innafor Riksheim og vi[illegible] grunnen fjordarmen Ivar Heggen har peika ut som sers ideell [illegible] — [illegible] Straumshornet, og elles ser e[illegible] Fellesstasjon i Lalsgrunnen.

— Her drives det jo om å oppdrette ørret, ikke laks. Ørreten blir fore opp til salg på markedet. Heggen vil fore opp lakseyngel og slippe den til sjøs, men det er meget stor forskjell på laks og ørret. Vi har aldri sett noen særlig virkning av foret laksyngel. Kunstig oppdrett av ørret er imidlertid blitt en fin forretning i Danmark.

— De forskjellige resultater har vel sine særlige grunner?

— Ja, man kan nok fore opp lakseyngel, men den har ikke samme vekstenergien som annen yngel når den kommer i sjøen. Lakseyngelen skal slippes til sjøs. Men hvordan kan man vente at den skal komme tilbake like stor og fin som den yngelen som har beveget seg fritt og har hatt naturlig oppvekst?

UMULIG Å FÅ FULL KONTROLL

Rent praktisk er det også umulig å stenge av en fjord, slik at man har full kontroll over den. En annen sak er at man kan sette sped-laksyngel ut i vann og elver, der bestanden er dårlig. Her har man kunnet påvise gode resultater. Det beste eksempel er Korsbrekke-elven i Hellesylt på Sunnmøre, som Anton R. Larssen i Ålesund leiet for dette formål. Elven var dårlig og bestanden minket. Ved utklekking av lakseyngel som ble satt ut i elva og i vassdrag ovenfor, økte bestanden ganske overordentlig merkbart i løpet av 10 år. Da laksebestanden økte, begynte man med kilenoter i fjorden, og det kom i gang et lønnsomt fiske. Tidligere var fjorden tom både for laks og kilenoter.

— En vanlig utklekking av lakseyngel er m. a. o. å anbefale?

— Ja, absolutt. Man kan da øke både elve- og fjordbestanden. Her vokser yngelen opp under naturlige forhold, i motsetning til yngelen i basseng. Og det er ingen foring. Men jeg vil atter gjenta det: ingen kunstig foring av lakseyngel som skal til sjøs har vist noen resultater.

SP. 2 1956

Første damanlegget for laks og ørret i Sykkylven i drift

50000 yngel sett ut i haust

Ivar Heggen har fått ørretspesialist frå Danmark

Det går fort framover med utbygginga av det store laks- og ørretanlegget i Telemark. Første delen av planane er no på det næraste realisert, og alt i alt er det investert over ein halv million kroner i anlegget som blir det største i Europa. Til våren skal det setjast ut 250 000 laks- og øretyngel i damanlegget.

— Korleis går det med stamfiskstasjonen i Sykkylven, spør Sunnmørsposten disponent Fredriksen.

— Vi går meir varsamt til verks, seier han. Dette er noko heilt nytt her i landet. Ein har ikkje røynsler å bygge på. Difor vil vi ikkje legge så stort opp i første omgang. Men det er stor interesse for oppal av laks og ørret. Og det første damanlegget er alt under bygging på Vik. Det er no såpass ferdig at ein har flytta over frå klekkeriet på Straumgjerde vel 45 000 ørretyngel og 3—4 000 laksyngel til dammane. Og småfisken ser ut til å trivast bra der.

— Korleis går drifta ved klekkeriet?

— Det går fint, men diverre er det heilt uråd å finne stamfisk i elvane her omkring, så no må vi nok til å kjøpe andre stader frå for å sikre nok yngel til neste år.

— Er det planar om fleire damanlegg?

— Ein vil sjå korleis det går med brørne Vik. Dersom resultatet blir bra, er det nok fleire som slår seg på laks- og ørretoppdrett. Tilhøva ligg bra til rette mange stader her i bygda. Det er lagt planar for utbygging på ei rad stader.

— Var det ikkje på tale å få ein fagmann frå Danmark?

— Førebels har vi ikkje gjort noko med det. Ivar Heggen som utanom klekkeri, også arbeider med oppdrett av laks- og ørret i Valldal, fikk for ei tid sidan ein spesialist frå Danmark for å kome godt i gang med drifta. Det blir nok lysinga for oss også når vi kjem skikkeleg i gang.

57.1

SA 6/4.57

Det vil lønne seg å bygg ut stamfiskanlegget på Vik

Sier fiskerimester Jensen som reiser etter å ha hatt oppsynet med anlegget i ett år

Fiskerimester Svend Jensen er nå reist fra Sykkylven etter å ha hatt overoppsynet med stamfiskstasjonen på Vik i ett år. Forsøksåret er nå ferdig, fort. Jensen i en samtale med vår avis for et par dager siden, og det er etter min mening gode erfaringer en sitter igjen med. Mulighetene for utbygging av stamfiskstasjonen skulle ligge godt til rette etter de resultater som til nå er oppnådd. Det vil derfor være riktig å fortsette det arbeid som er lagt ned i forsøkene.

— Men hvorfor reiser du?

— Det er klart at det ikke er økonomisk forsvarlig å ha en mann gående her over et lengre tidsrom med den kapasitet denne stasjonen har foreløpig. Det er ikke på langt nær arbeid til en mann på full dag. Til sommeren er det meningen å bygge ut og bygge om stasjonen en del, og det tror jeg er en riktig linje å gå. Det vil ikke være økonomisk lønnsomt å drive en slik stamfiskstasjon før kapasiteten blir øket betraktelig. En mann kan makte å passe 1 mill. yngel, så selv om en får 100 000 yngel å passe — vil det også bli for lite på en mann.

— Hvordan erbestanden?

— Vi fikk 50 000 rogn av den stamfisken vi hadde i år, men bare om lag 30 000 av disse er levedyktig i dag. Det kom noe til en del av rogna, som gjorde at vi måtte kvitte oss med den. Men bestanden er god, og det lover godt for det videre arbeid, etter det jeg kan forstå. Men skal en nå de store resultatene må de ha skikkelig pass, uten nytter det ikke. Det kan jo også sies at vi har hatt en mild vinter — og at erfaringene derfor ikke er fullgode på alle områder, men jeg tror ikke det ville vært noen fare om vinteren hadde vært langt kaldere.

— Nye eksperimenter?

— Det er slik med dette arbeidet at det stadig kommer nye erfaringer til, og at en stadig må finne fram til nyé forsøk. Det er derfor etter min mening en god idé at en gjør visse eksperimenter i Åure-elva, som er en del varmere enn Vikelva. En vet ikke før det er prøvd om dette kan ha noe for seg.

Jensen kommer også inn på at plan for damanleggene er lagt forkjært — og at det må rettes på.

Fiskerimester Svend Jensen

— Er du fornøyd med tida i Sykkylven?

— Ahoi.... det er vel den plass jeg har trivdes best på av alle steder jeg har vært, sier Jensen så overbevisende at vi ikke har annet å gjøre enn å tro ham på hans ord. Jeg har fått en stor omgangskrets her inne, og det er meget hyggelige folk å arbeide sammen med. Jeg er blitt møtt med stor vennlighet.

— Så det er ikke siste gang du kommer hit?

— Jeg kommer ihvertfall tilbake på ferie, om ikke mer. Jeg er interessert i å holde kontakt med de som driver stamfiskanlegget her, for å kunne følge med i utviklingen. Men .... sier Jensen til slutt — jeg vil gjerne gjenta at det vil lønne seg å bygge ut anlegget til minst 10 dammer. Administrasjonen av et så lite anlegg faller for dyrt. Ellers har jeg god tro på at det skal lykkes å få noe ut av dette prosjektet, så stor som interessen er for det på stedet.

SA 6/4.57

Tu[illegible]

SP JUNI 1957

Triumf for Heggen-planen

Inntil 50 laksar skal fangast og setjast på foring i år

Overvintra laks et seg feit i dammane på Vik

Det som vitenskapen hittil har nekta å tru på, er no prova av Vik-brørne i Sykkylven. Vaksen laks kan fangast inn og haldast i damkultur vinteren over, og neste sommar et han seg stor og feit i dammen. Sumarsposten var i går med då vegnemnda i fylkestinget som dei første gjester utanfrå fekk sjå fjorsfanga laks fora med sild i dammen som brørne Olav og Karstein Oddm. Vik har bygt på Vik i Sykkylven. No står det berre att å syne at laksen blir kjønsmoden og gyter ny rogn til hausten. Då vil Ivar Heggen sin dristige plan, som har vore svært omdiskutert dei siste åra, ha fått full triumf.

Damanlegget på Vik samla inn om lag 40 laksar i storleiken 1,5 til 8 kg i fjor sommar. Av desse er det no fem som står att i dammen, dessutan er der 17 årsfanga laksar i lag med dei. Ein har i år fått løyve til å fiske laks til damanlegget i fredningstida, og frå Ole Aursnes si kilenot har Vik brørne fått dei fleste store laksane. Det kan fangast inntil 50 laks i år på denne måten. Elles ventar stasjonen å [illegible] 30 000 lakseyngel som var utklekt i fjor. 20 000 skal sleppast i elvane medan 10 000 skal haldast igjen til vidare eksperiment. Somme av dei skal forast opp eit år til slik at dei vert 12—15 cm lange, og dei skal då merkast og sleppast ut i havet.

Vegnemnda i fylkestinget var i går på ein sers vellukka rundreise til Norddal kommune og til Sykkylven. Ordførar Nils P. Linge og andre i Norddal orienterte om aktuelle vegkrav i kommunen. Dette skal vi kome nærare tilbake til seinare. Ordførar Fredriksen tok så kollegaene sine på ei vellukka vitjing til Sykkylven. I dag reiser vegnemnda vidare over Hu[illegible]vik—Festøy—Vartdal til Ø[illegible] Volda. Heimturen til Ålesu[illegible] over Gurskøy—Hareid.

ARB.BL. 18/11.58

Laks i Sykkylven gyter for 2. gang

ÅLESUND, MANDAG

Rognpressingen i den store stamfiskstasjonen i Sykkylven på Sunnmøre er nå i full gang, og stasjonen regner med å kunne produsere i alt 250 000 lakseyngel denne sesongen av 90 laks. Av interesse også på vitenskapelig hold er de forsøkene stasjonen driver med laks som holdes i fangenskap i et større sjøbasseng ved stasjonen. For første gang i Norge, trolig også i Europa, har en kunnet presse rogn av laks for annen gang.

I fjor høst ble 20 fisk presset og avga normal rognmengde. Fisken ble satt ut igjen i bassenget og fanget inn igjen i høst, og har nå avgitt 70—80 000 rognegg. Det har tidligere vært antatt av fiskebiologene at en liten prosent av laksen i våre elver er annengangsgytere og trolig også en liten promille tredjegangsgytere. Stamfiskstasjonen i Sykkylven bekrefter altså nå disse antakelsene. Den pressede rognen fra andreårsgyterne ved stamfiskstasjonen er lysere av farge enn rognen fra førstegangsgyterne, fra lysegød til nesten hvit, men ellers skiller den seg ikke fra vanlig rogn med hensyn til mengde eller befruktningsevne.

Annengangsgyterne blir nå satt ut i sjødammen igjen, og det skal vitenskapelig drives merkings- og målingsforsøk med tanke på [illegible] vekst og rognpressing også [illegible]

A.11/7.59

Med settefisk på Sunnmøre

— Glad i å fiske?

Det var en god gammel kollega Kåre Skutvik, som spurte meg, vi satt i Ålesund en deilig sommerdag og snakket om alt og ingenting, om næringsliv, om veier og jernbane, om dieselavgift og meget annet.

— Ja, ikke storsild, sier han — men laks og ørret. Nydelige saker.

— Her på Sunnmøre? Nu — idag?

— Javisst. Kom så drar vi til Sykkylven. Vi tar med oss et par karer fra Mørefly, så er vi der på et blunk.

Som sagt så gjort. Og egentlig før jeg visste ord av det var vi ombord i et fikst lite amfibiefly og fløy på fisketur til Sykkylven! En ganske alminnelig hverdag. Vi landet ute på fjorden og padlet oss inn til land — hvor vi straks efter stod midt oppe i et av de største, om ikke den største stamfisk-stasjon vi har på disse kanter av landet i et hvert fall. Og der stod de klare med fiskestangen, Olav Vik og Fritjof Fredriksen.

— Vi vedder hva du vil på at du får fisk, sa de og smilte godt. For like bak dem gikk 70 fine laks og over 1000 halvkilos regnbue-ørret i to dammer. Det var fast fisk så fort du fikk kroken uti.

Deilsan! Der lå den første fine ørret på græsvollen. At snøret viklet seg rundt en telefontråd, var ikke så nøye.

Ut igjen — en ny fisk på kroken. Og slik gikk det hver gang. I løpet av noen få minutter hadde vi nok til en fin middag. Og moro var det — selvom vi skammer oss stort over å kalle dette fiske. Og vi sa ikke et ord om hvor fisken kom fra da vi en halv time senere satt på sol-verandaen på Union Hotel i Geiranger og nøt våre «Steelheads», den fine regnbueørreten som i USA er verdsatt til minst 15 kr. kiloen før den kommer til fiskehandlerne.

Men tilbake til Sykkylven — og stamfiskstasjonen. Det vil sikkert interessere mange å få noen fakta om dette tiltaket.

Selve stasjonen eies av to brødre Olav O. Vik — som til daglig driver havebruk og ofrer alt han har av penger, fritid og arbeidskraft på disse fiske-eksperimentene — og Karsten Oddmun Vik, som har et arkitektfirma i Sykkylven. Disse to har god støtte i et utvalg på fem pasjonerte sportsfiskere som er gått inn for økt utsetting av settefisk, ørret og laks, særlig laks. Formannen i dette utvalget er fabrikkeier Fritjof Fredriksen, som til daglig driver med møbelproduksjon — men som ofrer adskillig tid og krefter på settefisk-anlegget han også.

— Vi mener at det å sette ut yngel er sløseri, sier han. Dødeligheten er altfor stor. Det å sette ut 10 cm.'s fisk i elver og vassdrag er en samfunnsoppgave — og derfor må alle være med å støtte en slik sak. Og her i Vik, her produserer vi slik settefisk laks og regnbue-ørret. Vi vet at det er det eneste riktige.

Stasjonen har for tiden følgende bestand: 250 000 settefisk av året, 20 000 fra ifjor og ca. 1000 kg. matfisk (tre somre), messuten 70 stamlaks og -pjakk. Det disponeres 13 mål anvendbar grunn som fullt utbygget skal produsere mellom 2 og 3 millioner settefisk årlig og ca. 60—70 tonn stamlaks og matfisk.

Det er hittil investert 175 000 kroner i anlegget. Myndighetene har vist stor interesse for tiltaket, bl. a. har Arbeidsloysetrygdens Tiltaksfond gitt direkte tilskudd på tilsammen 15 000 kr. og garanti sammen med Sykkylven kommune på 50 000 kr. Kommunen har gitt et tilskudd på 5000 kroner.

Også på fiskerividenskapelig hold bl.r eksperimentene fulgt med stor interesse og velvilje. Av midler som ferskvannsinspektøren har til rådighet, er det ydet tilsammen 14 000 kroner.

Noe av det som særlig interesserer de fagkyndige er at man i Sykkylven presser stamfisken for rogn i flere sesonger. Og til høsten finnes det fisk i dammene som skal presses for tredje gang. Det er litt av en sensasjon — sier de som har greie på det.

